

---

**Fra:** Heidi Bjønnes Larsen <Heidi.Bjønnes.Larsen@hfk.no>  
**Sendt:** onsdag 7. august 2019 10:42  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Jordmassar frå problem til ressurs, oversending av  
rettleiarar  
**Vedlegg:** Rettleiar+-+Jordmassar+-+siste+versjon\_spread.pdf

Hei.

Fylkestinget i Hordaland ynskjer å redusere nedbygging av jordbruksareal i Hordaland. Det stadfesta fylkestinget då dei vedtok «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022*» juni 2018. «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022*» skal bidra til å sikre og vidareutvikle landbruket i Hordaland. For å gjere dette er det sett tre hovudmål: styrke lønsemda i Hordalandslandbruket, auke produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. Temaplanen er delt inn i fire tema som bygger opp rundt hovudmålet til temaplanen. Tema er: areal- og ressursgrunnlag, auka lønnsemd i noverande produksjonar, kompetanse of rekruttering og drivrarar for endring. Her er lenke til [«Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»](#).

Eit av innsatsområda under tema areal- og ressursgrunnlag er: «Sikre gode planar for massehandtering, basert på god agronomi, i alle kommunar». Eit av tiltaka knytt til dette innsatsområdet er å sikre at alle kommunar og andre relevante aktørar i fylket har tilgang til handbøkene «*Jordmassar frå problem til ressurs- rettleiar for offentleg forvaltning*» og «*Jordmassar frå problem til ressurs – Praktisk og faglig veileder*».

Målet med rettleiaren «*Jordmassar frå problem til ressurs- rettleiar for offentleg forvaltning*» er å gjere grunneigarane, entreprenørane og forvaltninga i stand til å vera i forkant og handtere masseoverskotet som ein ressurs - som det faktisk er - i staden for eit problem. Å vere i forkant betyr i denne samanhengen å vere tidleg inne i plan- og enkeltsaker der massehandtering er/bør vere tema. Rettleiaren er lagt ved som pdf.

Rettleiaren «*Jordmassar frå problem til ressurs – Praktisk og faglig veileder*» er utarbeida av Norsk landbruksrådgiving og NIBIO. Dersom ein blir tvungen til å nyta jordbruksareal for å møte andre samfunnsbehov, skal det settast i verk avbøtande eller kompenserande tiltak. Eit slikt føremål kan vere å lage nytt jordbruksareal, eller forbetre noverande areal som kanskje elles ville blitt teke ut av produksjon. Føremålet med handboka er å sjå på framgangsmåtar for å flytte matjord utan at kvaliteten blir forringa, samt på framgangsmåtar ved mellombels tiltak på dyrka mark.

Rettleiaren «*Jordmassar frå problem til ressurs – Praktisk og faglig veileder*» kjem i ein lang og ein kort versjon.

Her er lenke til [langversjonen](#).

Her er lenke til [kortversjonen](#).

Venleg helsing

**Heidi Bjønnes Larsen**  
seniorrådgjevar  
Regionalavdelinga | seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling



Mob: 996 13 868  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

